



Båtentusiasten Harald Sætre frå Uskedalen har ein større fotoreportasje i stordnytt.no frå ein historisk båttur som vart gjennomført 30. desember frå Bergen til Stavanger og attende. Det var siste tur med Flaggruten, nærare bestemt med MS Tyrving og berre ein handfull passasjerar var med.

Sætre vert i nettavisa presentert som ein av dei største båtentusiastane i vårt fylke som ikkje minst har engasjert seg sterkt i restaureringsarbeidet med Stord 1 og har mange minner frå båt-trafikken både i form av foto og anna.

Over er eitt av bileta han tok under siste turen med MS Tyrving